

1. kvartal 2010

Rådmannen sine tankar etter fyrste kvartal 2010

1. Innleiing

Dette er årets fyrste kvartalsrapport. Han skil seg lite frå dei tertialrapportane som fram til no har vore regelen. Tala synar at det er grunn til uro over heradet sin økonomi, men ikkje større enn at det er råd å stramme inn og påverke slik at rekneskapen vert nokolunde i tråd med budsjettert resultat.

2. Utakt

Eg har i mest alle dei styringsdokumenta som eg har forfatta i dei vel tre år eg har vore her langt an eit langsiktig perspektiv. Denne gongen skal eg freiste ein litt annan vri.

Eg vrir tilnærminga mi litt fordi eg i stigande grad opplever at dei ideala som kan lesast ut av lærebøker om styringsprosessar ikkje heilt ut vert realiserte i Kvam.

Eg skal ikkje argumentere for at det er heradsstyret som har eit problemet, men snarare tilrå at heradsstyret, og rådmannen med, legg seg i selen for å vurdere å endre deler av styringssystemet for om mogleg å gje systemet større *legitimitet*.

Legitimitet er noko lærebøkene sjeldan omtalar. Forfattarane går gjerne ut i frå at nokre basale tilhøve, så som *tillit* mellom styrande, og mellom styrande og styrte, er på plass. Men slik opplever ikkje eg at det er i Kvam.

Eg har no vore rådmann i Kvam i tre og eit halvt år, altså omtrent gjennomsnittleg tenestetid for rådmenn i kongeriket. I denne tida har eg forfatta mange og ordrike tekstar om dei lange liner i utviklinga, og om høvelege strategiar for å tilpasse heradet desse.

Eg slår fast at tross desse dokumenta, og tross stadig tydelegare uttalar (og vedtak) frå staten om planlegging og langsiktig tenking, så er det låg interesse for eit ordskifte om samla strategi og langsiktige planar i heradsstyret. Gjeldande samfunnsdel av kommuneplanen er frå 2002, næringsplanen frå 1997. Begge er for lengst forelda.

No treng ikkje det vere så ille, dersom andre langsiktige og heilskapelege dokument hadde erstatta desse planane. Til dømes er kommuneplanen i Bergen kommune òg frå 1997, men er seinare erstatta av byrådet si erklæring om gjeldande politikk ("tiltredelseserklæringen"). Slik kunne ein tenkje seg at budsjettvedtaket kunne tene i Kvam. Problemet, slik eg ser det, er at den årlege budsjettprosessens sjeldan tener til anna enn å få heradet over den næraste økonomiske kneika. Og eg skal villig medgje at det arbeidet kan vere vanskeleg nok. Planprosessar krev utan tvil eit eige løp – utanom dei årlege budsjettprosessane.

Slik stoda er i Kvam opplever eg at heradet, om ein ser mellom fingrane med faste frasar i innleiinga i kvart budsjettvedtak (om service, vekst og utvikling) ikkje har ein heilskapleg, oppdatert, langsiktig strategi. Ut i frå ordskifta i heradsstyret desse tre åra trur eg ikkje ein mål- og strategiprosess vil kome før valet neste haust.

Nei, her er ikkje stor entusiasme for det heilskapelege og langsiktige. Entusiasmen, i det minste i ordskifta, er monaleg større for å etterprøve og kontrollere, gjerne i detalj. Etter tre år i Kvam meiner eg å sjå at dei bærande styringsprinsippa er det pragmatiske, det stegvise og det kontrollerande. Stundom nitid kontrollerande.

I det eg her skriv er det eit grunnleggjande poeng at dette slett ikkje treng å vere så ille. Der er endeleg nok av dei kommunestyrear som har gått seg vill i strategi- og planjungelen, vettlaust nytta pengar på konsulentar og andre administrative trollmenn, og avla forventningar som har vist seg uråd å innfri.

Nei, då heller den pragmatismen som limte mellom anna det habsburgske keisardømet saman:

Habsburgernes overherredømme var ikke som Ludvig XIV, Fredrik den stores eller Napoleons sentraliserende og ensrettede despoti. Habsburgernes styresett kveler ikke avvikende meninger og opphever ikke motsetninger, men dekker over dem og føyer dem sammen til en skjør balanse, det lar forskjellene bestå i alle vesentlige trekk, for så eventuelt å spille dem ut mot hverandre. Keiserdømmets overhode er, pr. definisjon, også en Protheus, som med sin smidighet makter å skifte maske og politikk, og derfor ikke har noe behov for å gjøre sine undersåtter til en skare ensartede borgere; han lar dem pendle mellom kjærlighet og oppstand, mellom motfallenhet og eufori, i et endeløst spill som aldri leder noe steds hen, og han vil ikke påtvinge de enkelte folkeslag noen streng enhetlighet, men lar dem leve side om side i alt sitt mangfold.
Claudio Magris. Donau. En reise frå Schwarzwald til Svartehavet.

Eit pragmatisk og detaljretta (i heradsstyret heroisert ved uttrykket *grundig*) styresett kan vere framifrå, men – og her kjem poenget – *desse prinsippa samsvarar dårleg med den modellen for rammestyling som ligg til grunn for dagens styringssystem i heradet.*

Kritikarane vil her kunne hevde at rådmannen no vurderar å få heradsstyret til å slå seg på ein styringspolitisk retrobølgje.¹ Slik kritikk er det noko i, for eg tilrår altså heradsstyret å *vurdere å gå tilbake til start* fordi basis (tillit) manglar.

3. Det rådmannen ikkje vil tilrå å vurdere

Eg ber altså ikkje heradsstyret vurdere å spisse rollane mellom politikk og administrasjon, slik at politikarane vedtak mål og gjev rammar, medan rådmannen set det heile i verk og tek seg av detaljane. Det har heradet alt prøvd, utan hell.

Heradsstyret vart for nokre år tilbake invitert til i ein prosess for å etablere eit system for såkalla balansert målstyring. Det var møte i Bergen med konsulentar på slep. Referat eg har fått tydar på minimal politisk entusiasme. Eg trur ikkje systemet ville ha større grobotn i dag.

Ei endring i same retning vil vere å freiste å etablere semje for eit budsjettopplegg tidleg på våren, for deretter å la rådmannen utarbeidde eit budsjett ut i frå denne semja. Eg la dei fyrste steinane for eit slikt opplegg i 2009. Heradsstyret fekk 17 styringsdokument alt i september.²

I år kunne desse ha vore ferdige alt i april. Men heradsstyret har ikkje etterlyst dokumenta, ei heller har det framført si faste oppmoding om å kome inn i budsjettprosessen tidlegast råd.

Snarare har heradsstyret retta merksemda si mot eige oppførsel og sterkare kontroll. Undervegs har fleire representantar i møta konstatert at heradsstyret:

”... er ein trist forsamling som har bråka seg gjennom to og eit halvt år,at det ikkje vert samde om dei store linene... og at det knapt finst intakte parti at i heradsstyret...”

”Something is rotten in the state of Denmark”, lyder ei kjend strofe.³ Så også i Kvam. Noko er gale, og alle veit det. Det er som med veret; alle klagar, men ingen veit kva ein skal gjere.⁴

¹ Ein bølgje som Os kommune alt surfar på.

² Ja, endå til notatet *Demokrati heile vegen*, frå Rokkansenteret ved Universitetet i Bergen. Notatet omhandla alternative budsjetteringsprosessar i kommunane.

³ Hamlet.

4. Vurderinga i klårtekst

Eg vil tilrå heradsstyret å vurdere å endre budsjetteringspraksis frå nettobudsjettering til bruttobudsjettering, og dermed ta vedtaket (frå siste budsjettvedtak i heradsstyret i desember 2009) om ikkje å gje rådmannen høve til å nytte ein einaste ekstra krone utan først å ha høyrte med heradsstyret om tilrådd bruk er i tråd med gjeldande politikk, på alvor.

Dei som oftast argumenterar for eit utvida innsyn i deltaljane i ressursbruken, har vore spesielt opptekne av "alle dei midlane rådmannen nyttar utanom politisk kontroll". Midlane det er tale om er i stor grad eigenbetalingar frå dei som kjøpar kommunale plassar i barnehage, musikkskule, skulefritidsordning og sjukeheim.

I eit system for rammebudsjettering, slik heradet har hatt dei siste åra, er styringa av desse midlane tenkt ivareteken på to vis. Fyrst ved at satsane for brukarbetaling vert vedtekne av heradsstyret, dernest ved at omfanget av drifta er råd å styre gjennom nettobudsjettering.⁵

Det er ikkje noko problem fortløpande å gjere greie for inntektsutviklinga på desse felte, med sjukeheimen som mogleg unntak.⁶ Ei bruttobudsjettering vil imidlertid innebere ei stor omlegging. Utfordringa for det nye systemet vert å sikre grundigare og hyppigare informasjon, utan samstundes å drukne dei styrande i detaljar og utan å framprovosere uvisse i den daglege produksjon av tenester.

Opplagt vil omlegginga til, og drifta av, det nye systemet krevje økte administrative ressursar. Og sidan eit venteleg mål ved dette grepet er å effektivisere drifta på grunnplanet, gjev det ikkje mykje meining å auke byråkratiet samstundes. Løysinga vert då at dagens ressursar må nyttast på anna vis.

I klårtekst betyr det (som døme) at økonomikontoret ikkje kan ekspandere med anslagsvis to årsverk, berre for å realisere ei innsparing av anslagsvis to pleiarar. Det som må skje er at rådmannen, og hans næraste stab, i større grad må nytte tida si til kontroll.⁷ Fyrst til å styre omlegginga av styringssystemet, dernest ved å delta i uarbeiding av grundige rapporter - nærast frå månad til månad.

Det skal kunne gå, men det vert i tilfelle naudsynt med anna kompetanse i rådmannsstab. Så langt har staben, som jamt er krympa (ref. tekst i rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2010), teke på seg eit knippe langsiktige og utadretta oppgåver.⁸ Ved ei omlegging slik eg her ber heradsstyret om å vurdere, vil rådmannen måtte sjå seg om etter annan kompetanse, ja,

⁴ Skjønt heradsstyret etter sist heradsstyremøte, då framlegget om å skipe til eit seminar til 160 tusen vart nedstemt med stort fleirtal, i det minste veit kva det *ikkje* skal gjere med det. Det er då noko

⁵ I nettobudsjetting slår heradsstyret fast volumet på drifta, til dømes ved å justere talet på plassar ved sjukeheimane. Vert 6 plassar lagt ned som del av nettobudsjettingvedtaket fell rimelegvis også brukarbetalinga bort frå desse sengene. Rammebudsjetteringssystemet byggjer på at detaljert innsyn utover dette er ikkje naudsynt. Å slå fast mål og midlar skal – i prinsippet – vere nok til å sikre naudsynt demokratisk styring av drifta og systemets legitimitet. Problemet i Kvam er altså at dette prinsippet ikkje er innfridd.

⁶ I sjukeheimane vil inntektsendringa kunne skje relativt brått, som når Magda Minstepensjonist går bort og Ivar Industrieigar overtek senga to dagar seinare. I og med at brukarbetalinga vert rekna i prosent av inntekta, vil dette gje utslag på heradet sin økonomi – og må såleis i prinsippet leggast fram for heradsstyret om systemet heretter vert tufta på bruttobudsjettering og størst mogleg politisk kontroll. Det gjer sjølvsagt også ei endring den andre vegen, altså når minstepensjonisten erstattar industrieigaren. Bruttobudsjettering må såleis innebere at ikkje berre inntektsvekst (slik heradsstyret slo fast sist desember), men all inntektsendring må leggast fram for heradsstyret.

⁷ Og tilhøyrande naudsynete aktivitetar som kvalitetssikring og risikoppdatering. På desse felte vil rådmannen etter kvart kunne gå permanent svanger med nye dokument.

⁸ Eg har til dømes nytta mykje tid denne våren til å stimulere dei sju kommunane i Hardanger til å inngå eit tettare og meir forpliktande interkommunalt samarbeid. Slik innsats frå rådmannen kan ikkje prioriterast dei næraste åra.

ideelt sett bør endå til rådmannsstillinga lysast ledig – så vidt stort og ressurskrevjande vert styringsskiftet.⁹

5. Fortrinn og ulempar

Større innblikk i detaljane vil opplagt betre vilkåra for politisk styring. Ulempa er at systemet vert dyrare og meir tungrodd. Det er den gamle sanninga om at demokrati kostar. Dels fordi fleire detaljar og hyppigare rapportering fordrar større administrativ innsats, og dels fordi ein må pårekne fleire politiske møter. Vedtak om ressursbruk vil òg kunne ta lengre tid.

6. Andre styringsgrep i same ånd

Rådmannen vil vidare *tilrå at heradsstyret på sikt vurderar* fleire endringar i same ånd.

For dersom det er slik, som eg meiner å ane, at tilliten til heradet fordrar større innsyn i detaljar, vil rådmannen *tilrå at det vert vurdert å dra tilsetjingsfullmaktar attende frå rådmannen og dermed gjenopprette dei politiske tilsetjingsutvala*.

Likeeins bør heradsstyret *vurdere å opprette ad hoc utval for å betre innsikt og demokratisk styring av nøkkelprosjekt*, eksempelvis større byggjeprojekt.

7. Oppsummert

Den gjennomgangen av styringssystemet som eg her tilrår representerar ei tilbakevending til styringsforma på 1960- og 70-talet. Skjønt så mykje har skjedd sidan den gong at det eventuelt er snakk om ei nyskaping heller enn ein total retropolitisk snuoperasjon.¹⁰

Når kommunane i si tid endra styringssystemet (mange etter den grundige revisjonen av kommunelova i 1993) var det fordi dei såg at systemet dei då hadde var dyrt og tungrodd. Dei kunne gjere dette dels fordi dei var pressa av innbyggjarar som ville ha fart i sakene – bokstaveleg talt, av endringane i kommuneloven som jamførte rådmannen med den tilnærma allmechtige rollemodellen administrerande næringslivsdirektør, og av det meir allmenne kravet om å framstå som moderne, mellom anna ved å freiste å la formannskap og kommunestyre agere som strategiske og konsensusorienterte bedriftsstyrar.¹¹

Ei sjølvstøtt føresetnad for denne utstrakte delegasjonen er *tillit* mellom styrande og styrte. Den finn ikkje eg er på plass i Kvam. Eg ber derfor *heradsstyret vurdere å dra tilbake sin rause delegasjon*.

Heradsstyret bør vurdere om eit slikt grep vil kunne styrkje ålmenta si tiltru til prosessar og vedtak i heradet, og gje eit betre samsvar mellom den informasjonen som tilflyt heradsstyret og dei ordskifte som der finn stad – spesielt når dokumenta i styringshjulet skal drøftast.

Eg vil tilrå heradsstyret å etablere eit utval på fem representantar for å vurdere budsjetterings- og rapporteringsprosessen. Rådmannen vil peike ut ein høveleg sekretær for utvalet. Utvalet bør levere rapport til heradsstyret innan utgangen av året.

8. Eit klokt grep?

⁹ Den ideelle rådmann i heradet, gitt auka merksemd mot kontroll, er eit petimeter av ein revisor eller jurist, med stor tillit i alle bygder.

¹⁰ Til dømes var formannskapsmøte på den tida lukka. Mykje vart avklara bak lukka dører, endå til om kva som søma seg å ta opp i heradsstyret – som då var det einaste formelle offentlege politiske rom i kommunane. No er formannskapsmøta opne, og med det er det skapt rom for fri flyt av detaljar.

¹¹ Dei som har prøvd seg i slike har ofte erfart at i bedriftsstyra rår distanse, tillit og konsensus – i det minste samanlikna med eit kommunestyre. Så er då også dei to styra rekruttert på heilt ulikt grunnlag. Å nytte bedriftsstyra som ideal for kommunestyra rundt om har stadvis vist seg grovt forfeila.

Vil det så vere klokt å endre budsjetteringspraksis? Kva meiner rådmannen? Rådmannen meiner at eit system som ikkje har naudsynt tillit må endrast. Om endring av styringssystem er "sjølvaste" sylvknappen heradsstyret skal trykkje på for å løyse legitimitetsutmaninga, veit sjølvsagt ikkje rådmannen. Det veit berre den som har naudsynt politisk fingerspisskjensle. Slik fingerspisskjensle skal vere eit fast innslag i ein kvar dugande politisk verktykasse. Svaret på om dette er eit klokt grep har derfor politikarane sjølve. Har dei det ikkje, meiner eg dei lyt ta seg tid å finne det ut – mellom anna ved å prate med innbyggjarane.

Innleiing

I hht økonomireglementet som vart vedteke i HST – sak 040/09, skal det rapporterast kvartalsvis til heradsstyret. Rapporten for 1. kvartal 2010 viser bl.a. ein oversikt over nye vedtak i 2010 som har økonomisk verknad, kommentarar til budsjettvedtaket frå desember 2009 (HST – sak 125/09) og vidare utviklinga av punkta i rådmannen si budsjettinnleiing.

Kvartalsrapporten vil vidare kommentera endringane i høve til vedteke budsjett for kvart rammeområde.

Det har i 1. kvartal ikkje vore gjennomført full gjennomgang av alle rammeområda med tanke på avvik, men alle meldte avvik og endringar i organisasjonen som påverkar rammeområda, er tekne med.

Vidare vil kvartalsrapporten visa den økonomiske driftsoversikten med endringar, investeringsrekneskapen med endringar og oversikt over ny prosjekt og endringar på prosjekt.

Budsjettvedtak i heradsstyret i perioden januar – april 2010.

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Vedtak i kr.	Budsjett justert i kr.	Finansiering
011/10	09/144	Arbeidsavtale for rådmannen	-	132 900	Nytta avsette midlar til lønsjustering i budsjettet.
012/10	09/144	Finansiering av byggetrinn 1 - Strandvegen i Norheimsund	1 500 000	1 500 000	Rammeauke, finansiert over konto 2530.0001 Kapitalfond.
014/10	10/231	Aksjon Haiti - Økonomisk støtte frå Kvam herad	100 000	100 000	Rammeauke - kontostreng 14700-10010-11200-8000.
020/10	10/225	Utegruppe/naturavdeling ved Tolomarka barnehage og Sjødnahaugen barnehage.	113 000	55 150	Rammeauke - teneste 20100 Kommunale barnehagar
021/10	09/390	Budsjettvedtak 2010 - punkt 5 og 6. Barnehageutbygginga i Kvam	-	-	P60091 Ny barnehage Bjørketeigen - endra oppstart til 2010 i staden for 2011.
023/10	06/782	Prosjekt Norheimsund barneskule - godkjenning av ny investeringsramme	25 000 000	25 000 000	Rammeauke med 25,0 mill. kr. til 75,0 mill. kr. Finansiert med utbyte frå BKK (konto 2530.0004) og auka låneopptak/utak frå Kvam kraftverk.
024/10	10/229	Bustadeigedom, gnr. 7 bnr. 181, Vikøy	-	250 000	Til gebyr og oppussing av bustad. Finansiering over bustadfeltfondet, konto 2536.0003.
033/10	08/354	Behov for IKT - investeringar i Kvammaskulen 2010	1 200 000	-	P21101 IT i skulen - midlar innvilga i opphavleg budsjett. Finansiering over Kapitalfond, konto 2530.0001.
038/10	09/696	Kommunal turistinformasjon	280 000	280 000	Auke i tilskot til lokalt reiseliv. Rammeauke - kontostreng 14708-32540-40000-N006-8000.
039/10	08/1827	Kvammaskulen 2007 - Forvaltningsrevisjon - Framdriftsplan for utarbeiding av prosjektstyringsystem	200 000	200 000	Vedteke å utarbeida prosjektstyrings-system. Rammeauke - kontostreng 12700-12040-19200-8000.
Sum vedtak/budsjettjusteringar			28 393 000	27 518 050	

Tabellen over viser vedtak gjort av Kvam heradsstyre i perioden januar – april 2010. Effekten av vedtaka er justert for i tabellane for 1. kvartal 2010.

Budsjett 2010 – 2013 – vedteke i HST - sak 125/09

Under er alle punkta i budsjettet for 2010 refererte (i kursiv). Ein del av desse vert kommenterte.

1. Skatt på eige og inntekt

Skatt på eige og inntekt vil verta utlikna med maksimalsatsane.

2. Skattemargin

Avsetnad til skattemargin er 9 %.

3. Eigedomsskatt 2010

- a) *Med heimel for utskrivning i medhald av Eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert eigedomsskatten i 2010 utvida til å gjelda heile heradet.*
- b) *Eigedomsskattesatsen i 2010 vert 7,0 promille i samsvar med eigedomsskattelova § 13.*
- c) *Differensiering: I medhald av eigedomsskattelova § 12 a vert skattesatsen (skattøyre) for bustader og fritidshus sett til 2,5 promille.*
- d) *Fritak for eigedomar etter eigedomsskattelova § 7 vert gjeve for eigedomar som fell inn under § 7 a (Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten) og § 7 b (Bygning som har historisk verdi).*
- e) *Administrasjonen vil leggja fram for heradsstyret lister med forslag til kva konkrete eigedomar som skal ha fritak for eigedomsskatt med heimel i eskl. § 7. Lista vert lagt fram etter at det er gjort eit prinsipielt vedtak om at Kvam herad skal ha unntak med heimel i § 7 bokstav a og b.*
- f) *Nyoppført bygning som vert nytta til husvære vert etter søknad fritaken for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova §7 i 5 år frå den tida bygningen vart ferdig eller heradsstyret endrar eller opphevar fritaket.*

Kommentar:

Pkt. d) og e) vart det gjort vedtak om i sak 010/10 den 09.02.2010.

Pkt. f) fekk justert tekst i sak 025/10 den 09.03.2010 slik at det ikkje er naudsynt å søkja om fritak for eigedomsskatt så lenge bygningen er 5 år eller yngre.

4. Refinansiering

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikne lånekontraktar. Refinansiering av eksisterande lån skal ikkje medføre endring i den reelle avdragsplanen.

Kommentar:

2 lån i KLP Kommunekreditt og 1 lån i Kommunalbanken er refinansiert til 1 lån i Kommunalbanken på om lag 54,9 mill. kr. Vilkåra er fastrente i 3 år til 3,51 % effektiv rente. Samla avdragtid er 21 år og ikkje endra i høve til reel avdragsplan.

5. Låneavdrag

Det skal betalast 20,3 mill.kr i avdrag i 2010.

Kommentar:

Det vedtekte avdragsbeløpet er noko lågare enn normal avdragsplan. Det må søkjast om avdragsfritak tilsvarande vedteke avdragsbeløp. Dette er ikkje gjennomført pr. medio mai 2010.

6. Trekkrett

I følge vedteken plasseringsstrategi for Kvam herad vert det vedteke oppretthalde trekkrett i kontosystemet til Kvam herad. Trekkretten for 2010 skal vera på inntil 15 mill.kr.

Kommentar:

Trekkretten på 15 mill. kr. er oppretta i DnB NOR som er hovudbanksambandet til Kvam herad.

7. Låneopptak

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om inntil 10,0 mill. kr. i lån til vidare utlån (Startlån).

Kommentar:

Det er ikkje teke opp nytt lån i Husbanken medio mai 2010.

8. Godtgjersle til politikarar (jfr. Reglement for arbeidsvilkår)

Ordføraren skal ha si godtgjersle for 2010 vert kr. 735.000,-. Satsane for møtegodtgjersle til folkevalde vert som i 2009.

9. Delegeringsreglement

Budsjettet for 2010 er definert gjennom obligatoriske hovudoversikter for drift og investering. Rådmannen får fullmakt til å fordela ramma i samsvar med underliggjande dokumentet og tabellar. Prosjekt vert vedteke i særskilde tabellar.

10. Justering av prosjekt i tid.

Rådmannen får fullmakt til å justera budsjetta for prosjekt i høve til endringar i tid.

11. Avgiftsbudsjett og gebyr

Avgiftsbudsjett og kommunale gebyr vert vedteke i samsvar med føresetnader i eiga sak.

12. Sosialhjelpssatsar

Satsar for økonomisk sosialhjelp er i samsvar med statlege rettleiande retningslinjer for utmåling til livsopphald etter sosialtenestelova si § 5-1 tredje ledd mv.

13. Hovudstrategi for Kvam herad:

- a) *Kvam herad skal i tillegg til lovpålagde oppgåver og servicetilbod til innbyggjarane, arbeida for å oppretthalda folketalet, auka sysselsetning og verdiskapning i næringslivet. For å auka interessa for Kvam herad som etableringsstad med bustadbygging og næringsverksemd, er arealdisponering og eit godt vegnett internt og ut av heradet viktig.*
- b) *Kvam heradstyre viser til auke i samla drift og lønnskostnader i Kvam herad, som med tillegg av kapitalutgifter ikkje er i samsvar med inntektsutviklinga. Samla auke i behov for nye inntekter etter reduserte kostnader er i størrelse 30 mil. pr. år for driftsbudsjettet, for å oppnå målsetjinga i økonomiplanperioden om eit årleg netto driftsresultat på 3 %.*
- c) *Kvam heradstyre viser til vedteke budsjett for 2009: "Kvam heradstyre ber rådmannen og økonomiutvalet i året 2009 leggja særleg vekt på økonomisk drift og*

organisering av heile verksemda, for å oppnå årleg netto driftsresultat på 3 % økonomiperioden" (2009 – 2012).

14. Konkrete endringar

- a)** *Kvam heradstyre ber rådmannen utarbeida ein oversikt kva dei auka kostnadane er inklusive renteutgifter, med snarleg ferdigstilling av barnehageutbygginga i Øystese og Tørvikbygd.*

Kommentar:

Det vart lagt fram sak om dette i heradstyret den 9.2.2010 (HST – sak 009/10) og 9.3.2010 (HST – sak 021/10). Vedtak om bl.a. å starta opp ombygging av Bjørketeigen snarast råd og justera budsjettet for dette. Prosjekttabellen for P60091 Ny barnehage Bjørketeigen er i denne kvartalsrapporten justert fram med 1 år, dvs. oppstart ombygging i 2010 i staden for 2011.

- b)** *Kvam heradstyre ber rådmannen i januar 2010 leggja fram ein oversikt for eit alternativ med privat/offentleg dreven barnehage i Øystese, med utbygging for heile behovet i Øystese. Oversikta skal også innehalda driftsplan for dei øvrige gjenværande kommunale barnehagane i Kvam.*

Kommentar:

Det vart lagt fram sak om dette i heradstyret den 9.2.2010 (HST – sak 009/10) og 9.3.2010 (HST – sak 021/10). Vedtak om bl.a.

- Kvam herad sjølv skal driva barnehagane i Øystese,
- leiga bedehuset i Tørvikbygd fram til ny barnehage er på plass,
- byggja tilbygg til Ålvik barnehage i tråd med tidlegare vedtak,
- oppgradera Tolomarka barnehage, Norheimsund barnehage og Strandebarm barnehage i samsvar med vedlikehaldsbehovet i 2010 - 2012,
- vurderer barnehagedrifta i Strandebarm og Oma ut frå 3 alternativ.

Det er i denne kvartalsrapporten lagt inn 0,1 mill. kr. til utgreiing av dei 3 alternativa for barnehagedrift i Strandebarm og på Oma. Det er ikkje funne midlar til oppgardering av Tolomarka barnehage, Norheimsund barnehage og Strandebarm barnehage i denne kvartalsrapporten.

- c)** *Kvam heradstyre set av kr. 10 mil. av framtidige salsinntekter ved sal av eigedomar til kapitalfond, som skal nyttast til utviklingstiltak disponert av heradstyre.*

Kommentar:

Det er medio mai 2010 ikkje selt kommunale eigedomar.

- d)** *Kvam heradstyre ber rådmannen fremja sak med eit illustrerande forprosjekt for eit regionalt industriområde i Steinsdalen. Kommunedelplan for området skal startast i 2010, finansiert med kapitalfond.*

Kommentar:

Det vart gjennomført ein presentasjon med illustrasjonar i NBP i 2009. Så langt i 2010 har ikkje det vore kapasitet til å arbeida med dette prosjektet, men ein vonar å ta fatt på det hausten 2010.

- e)** *Kvam heradstyre ber rådmannen prosjektera og leggja fram sak om ferdigstilling av strandvegen Haldeplassen – Fartøyvernsenteret . Avtaler med grunneigarane må føreliggja. Oppstart av anleggsarbeid 2010. Tidligare ramme kr. 1. mill. Restløyving finansiert kapitalfond.*

Kommentar:

Det vart lagt fram sak om dette i heradstyret den 9.2.2010 (HST – sak 012/10) og gjort vedtak om å auka ramma for prosjektet P71092 Strandevegen med 1,5 mill. kr. til kr. 2,5 mill. kr. til 1. byggjetrinn (Norheimsund sentrum – Hardanger brygge). Auken er finansiert med kapitalfond, konto 2530.0001.

Det er medio mai 2010 innhenta prisar for grunnundersøkingar og juridisk bistand for byggjetrinn 2 (Hardanger brygge – Fartøyvernsenteret). Kostnaden med dette vil verta om lag 0,65 mill. kr. inkl. mva. Ny totalramme vert såleis 3,15 mill. kr. Det vert i denne kvartalsrapporten føreslege å auka ramma for prosjektet tilsvarande – finansiering over kapitalfond.

- f) *Kvam heradstyre ber rådmannen leggja fram sak om behov for IT. Investering skulen i Kvam. Det vert finansiert 1,2 mil. frå kapitalfond til tiltaket.*

Kommentar:

Det vart etter vedtak i opphavleg budsjett (HST – sak 125/09) oppretta eige prosjekt, P21101 IT i skulen, med ei ramme på 1,5 mill. kr. inkl. mva. finansiert med kapitalfond og mva – kompensasjonsfond. Sak om IT i skulen vart lagt fram for Kvam heradsstyre i sak 033/10 som viste at behovet stemte med opphavleg vedtak. Utstyret er medio mai innkjøpt og gjort klar til bruk.

- g) *Kvam heradstyre med bakgrunn i vedlikehaldsmangel på kommunale vegar løyver kr. 1. mil til asfaltering, finansiert av kapitalfondet.*

Kommentar:

Det er oppretta eit eige prosjekt, P60103 Asfaltering 2010, med ei ramme på 1,25 mill. kr. inkl. mva. Finansiering over kapitalfond og mva – kompensasjonsfond.

- h) *Kvam heradstyre viser til tidligare vedtak vdr. oppstart av reguleringsplan på strekkja Straumbrua – Tolo i Norheimsund. Dette er eit av dei mest attraktive områda for bustadutvikling i Kvam. Kvam heradstyre ber om at nødvendige ressursar vert sett inn med prosjektleiar og reguleringskompetanse i 2010. Det same gjeld arealet ved sjø i Øystese som kjem fram som eit resultat av vegutbetring Øystese – Skarpassvingen, Finansiering bustadfeltfondet.*

Kommentar:

Det er oppretta eige prosjekt, P71101 Straumen – Båthamna Norheimsund aust, med ei ramme på 1,875 mill. kr. inkl. mva. Det er innhenta prisar på konsulentarbeid/-prosjektleiing for regulering av området og Geoplan v/Solveig Valland er engasjert som prosjektleiar.

Det er gjort vedtak i utvalet Næring, Plan og Bygg om at tunnelmassar frå Kvammapakken kan fyllast på Stronde, strekkja mellom Øystese sentrum aust og Laupsa. Det har førebels ikkje vore behov for å oppretta eige prosjekt og finna midlar til dette prosjektet.

- i) *Kvam heradstyre ber rådmannen leggja fram sak om helsetilbodet i Strandebarmstunet, der ein forutset nye forhandlingar med lækjarane om noverande avtale og driftsform. Kommunane Kvinnherad og Fusa skal kontaktast for moglege interesse for samordning av legetilbodet i Strandebarmstunet.*

Kommentar:

Heradsstyret vert orientert i eiga sak om dette i juni 2010.

- j) Kvam heradstyre ber rådmannen fremja eit notat om tilhøvet mellom Ica – tomta og Hardanger Fartøyvernssenter, jmf. innspel fremja i brev frå Kvam Næringsråd, datert 30. nov. 2009.*

Kommentar:

Det vart lagt fram referat frå møte mellom Kvam herad og Kvam Holding AS i formannskapet den 23.03.2010. Konklusjonen frå referatet er at det vert forhandla fram avtale om overtaking om 5 evt. 10 år. Prisen skal bestemast ved skjøn som skal haldast i september 2010. Det er forhandla fram avtale der Kvam herad får tilgang til sjøfronten av eiegen og at interessene til Hardanger Fartøyvernssenter, Strandvegen og ICA vert ivaretekne. Endeleg avtale vert lagt fram for Kvam heradsstyre for godkjenning.

- k) I avgiftsbudsjett 1.1.8 "gebyr etter plan og bygningslova" er det lagt opp til ein høgare prisauke enn std. 4,2 %. Gebyra som har denne auken skal ha ein prisauke i tråd med hovudmalen i avgiftsbudsjettet 4,2 %.*

Kommentar:

Avgiftsbudsjettet er justert i tråd med vedtaket og avgiftshefte er lagt ut på www.kvam.no under kapittelet Avgifter.

- l) Kvam heradstyre viser til vedtak i heradstyre desember 2008*

" Kvam Heradstyre ber rådmannen treffa tiltak i organisasjonen som fører til eit godt omdøme av heradet når det gjeld arbeidet med framføring av reguleringsplanar og sakshandsaming vedr. plan og bygningslova. Kvam Herad skal ha som mål å vera ein servicevenleg organisasjon."

Kvam heradstyre ber rådmannen rapportera til heradstyre tidleg i 2010 kva tiltak som er gjort og skal gjennomførast for å oppnå målet i vedtaket frå 2008.

Kommentar:

Rådmannen legg fram eiga sak om dette for heradsstyret i september.

- m) Kvam heradstyre ber administrasjonen og NPB utvalet i 2010 arbeida vidare med å avdekka arealbehov til bustadtomter i hovudbygdene i Kvam, i samsvar med tidligare vedtak og notat frå Jon Nedkvitne datert 12.01.2009.*

Kommentar:

Dette arbeidet er ikkje starta opp enno.

- n) Auka inntekter utover budsjett for 2010 skal ikkje nyttast utan politisk godkjenning.*

Kommentar:

Rådmannen vil her dels vise til oversynet over ekstraordinære inntekter til heradet så langt i 2010, utarbeidd etter same mal som for 2009. Dertil vil rådmannen vise til si innleiande tekst til denne kvartalsrapporten, der han gjer framlegg om å endre budsjetterings- og rapporteringssystemet slik at det betre realisere dette punktet i budsjettvedtaket.

Sjå tabell neste side for oversikt over ekstraintekter i 2010.

Oversikt over ekstra inntekter 2010			
Rammeområde	Tema	Inntekter	Merknad
Næring	Etterbetaling konsesjonsavgift Bjølvo kraftverk 01.11.02 – 31.12.05	642 349	Brev frå NVE 22.02.2010.
Administrasjon	Tilskot til kurs – leing av bufellesskap	120 000	Frå KS (OU-midlar).
Sosialteneste	Statstilskot til innsats mot barnefattigdom – sendt søknad	630 000	Epost frå FM 19.mars. Budsjett ikkje justert for desse midlane. Vil ikkje ha verknad på resultat då det vil verta ei tilsvarande utgift.
Barnehage	Ekstra statstilskot pga. fleire barn i barnehage	977 235	Sandven FUS barnehage og Øystese barnehage.
Finans	Ordinært utbyte BKK - utover budsjett	3 595 200	
Sum		5 964 784	

- o) Kvam heradstyre ber administrasjonen leggja fram ei sak til nærings-, plan- og bygningsutvalet om oppjustering av eldre kommunale reguleringsplanar i bustadfelt. Oppjustering gjeld vedtektene. Arealet bør vurderast gjennomført med eksternt innkjøp. Arealet skal finansierast med kapitalfond.*

Kommentar:

Dette arbeidet er ikkje starta opp enno.

- p) Kvam heradstyre ber styret i Kvam kraftverk gjennomføra ei vurdering om auka resultat i økonomisk drift og årsresultat.*
- q) Kvam heradstyre ber styret i Kvam kraftverk vurdere auke i eigarutbytte frå Kvam kraftverk i 2010- 2011.*

Kommentar til pkt. p) og q):

Kvam herad fekk i brev datert den 21. april 2010 ei tilbakemelding frå Kvam kraftverk AS der styret har konkludert med at dei ikkje vil tilrå å auka utbyttet for 2010-2011. Dette etter ein analyse gjennomført av Deloitte. Brevet og analysen følgjer som vedlegg til kvartalsrapporten. Dokumenta er også å finna på <http://www.kvam.no/index.html> under Innsyn. DokumentID er 10/9100.

Styret i Kvam Kraftverk AS har føreslege eit utbyte for 2009 på 8,6 mill. kr. Dette er 1,4 mill. kr. mindre enn heradsstyret budsjetterte med i desember 2009.

15. Justerte tabellar i samsvar med vedtak

I høve til rådmannens framlegg til budsjett, vart det vedteke endringar i høve til tabellen under.

Budsjettframlegg 2010 – 2013 Fellesframlegg

Definering av inntektsbehov:	2010	2011	2012	2013
Netto driftsres. 2010 i rådmannens budsjettframlegg	4 400			
E-skatt i rådmannens framlegg til budsjett 2010	(15 000)			
Korrigert netto driftsres. 2010 ekskl. ny e-skatt	(10 600)	(10 600)	(10 600)	(10 600)
Endringsframlegg:				
Legesenter Strandebarne	(600)	(1 200)	(1 200)	(1 200)

<i>Utekontakt</i>	(150)	(300)	(300)	(300)
<i>1 årsverk skule – halvårsverknad 2010</i>	(250)	(500)	(500)	(500)
<i>Kompetanseheving spes. Ped</i>	(500)			
<i>Auke i skulematriell 2010</i>	(1 000)	(1 000)	(1 000)	(1 000)
<i>SFO - ingen auke i betalinga</i>	(150)	(150)	(150)	(150)
<i>Reguleringsplan/arkeologi Sjusete</i>	(200)	-	-	-
<i>Ny stilling plan (ekskl. gebyr - gebyra skal auka med 4,2 %)</i>	(600)	(600)	(600)	(600)
<i>Underskotsdekning Kyrkjeleg fellesråd</i>	(200)	-	-	-
<i>Kulturskule</i>	(1 000)	(1 000)	(1 000)	(1 000)
<i>Innteksbehov/kutt i drift for å oppnå god drift</i>	(15 250)	(15 350)	(15 350)	(15 350)
<i>Finansiering:</i>	2010	2011	2012	2013
<i>Auke i e- skatt på verk og bruk (pga nye takstar)</i>	2 000	2 000	2 000	2 000
<i>Reduksjon i drift</i>	-	2 000	4 000	6 000
<i>Auka inntekter frå eigarskap, kraft, salsinntekter</i>	5 500	5 500	5 500	5 500
<i>E-skatt i heile kommunen 2,5 promille</i>	16 700	16 700	16 700	16 700
<i>Sum nye inntekter</i>	24 200	26 200	28 200	30 200
<i>Netto driftsresultat i fellesframlegget</i>	8 950	10 850	12 850	14 850
<i>Krav til netto driftsresultat (3 %) iflg budsjettvedtak 2009</i>	15 000	15 000	15 000	15 000
<i>Differanse i høve kravet</i>	(6 050)	(4 150)	(2 150)	(150)

Desse endringane vart det korrigert for og lagt inn i opphavleg vedteke budsjett. Det vil seia at endringane er inkludert i det som i denne og framtidige rapportar vert kalla opphavleg budsjett.

Kommentar:

Utgiftsdelen av endringane over er lagt inn i respektive rammebudsjett. Når det gjeld inntektsida, er det medio mai 2010 grunn til å tru at auken i eigedomsskatt vil verta om lag 1,7 mill. kr. lågare enn vedteke budsjettet. Det hefter også usikkerheit ved punktet auka inntekter frå eigarskap, kraft og salsinntekter. Ordinært utbyte frå BKK vart 3,6 mill. kr. høgare enn budsjettet, medan utbytet frå Kvam kraftverk vart 1,4 mill. lågare. I tillegg har vi fått melding om ei etterbetaling frå Statkraft vedkomande Bjølvo Kraftverk på vel 0,6 mill. kr. Dette vil seia at medio mai 2010 har vi fått 2,8 mill. kr. i netto auka inntekter mot budsjettet 5,5 mill. kr.

Oversendingsforslag til administrasjonen:

DU har i formannskapet støtta forslag til endring i budsjettet for 2009 frå SP og KRF, med enkelte merknader.

I dette forslaget er oppført innsparing på administrasjon på 1 mill.

I fellesframlegget er det lagt inn innsparingar på drift med 2 mill. frå 2011, aukande til 6 mill i 2013.

Rådmannen har i november i Ulvik hatt møte om interkommunalt samarbeid i Hardanger, der kvar kommune skulle koma med eit framlegg på kva område som kunne vera aktuelt. Dette er positivt. Samarbeidstanken bør likevel også kunna gjelda alle våre nabokommunar, på område ein ser kan vera mogeleg og naturleg- t.d innan viltforvaltning, landbruk, helse m.m. Vi kjenner til at Kvam alt samarbeider på IT- området, på innkjøpssida, med ein barnehagekoordinator.

I denne samanheng ber me administrasjonen greia ut korleis eit samarbeid med nabokommunar på kommunelegetenesta kan utformast, og kva det kan gje av økonomiske innsparingar. Dette med bakgrunn i at eit ev. lokalmedisinsk sjukehus i Kvam, under alle omstende vil gjelda for eit større område enn berre vår eigen kommune. Dersom eit slikt samarbeid ikkje let seg oppretta, skal rådmannen utreda om Kvam treng ein 100% kommunal legestilling, eller om stillinga kan delast mellom ein administrativ del og ein legedel retta direkte mot pasientgrupper/institusjonar.

Utgreiinga blir å leggja fram så snart det er mogeleg.

Kommentar:

Rådmannen har denne våren arbeidd målretta for å utvide det interkommunale samarbeidet i Hardanger. 11 områder for tenesteutveksling er under utgreiing. Desse vil bli presentert for formannskapa på det såkalla Hardinginget i Øystese i juni og for heradsstyret i september.

Rådmannens innleiing til budsjett 2010

I rådmannen si innleiing til budsjett 2010 var det mange framlegg til endringar, kutt i årsverk og andre tiltak. Resultat og utvikling av desse vert kommentert her.

Pkt. 1.3 Andre prinsipp: Strategiske grep for vekst

Finansiera nytt årsverk ved Plan og byggesaksavdelinga med auka gebyr.

Status: Gebyrframlegget vart ikkje vedteke av HST.

Pkt 2.3.1 Stillingskutt i 2010:

Utekontakten redusert med 0,7 årsverk.

Status: Ikkje vedteke av HST.

1 stillingsheimel ved sosialtenesta lagt på is.

Status: Inndrege. Avventar verknader.

Analyse av driftsavdelinga.

Status: Eitt årsverk inndratt, i tråd med vedteke budsjett. Sak til heradsstyret i juni 2010.

Gjennomgang timetildeling og klassestruktur for å spara 4 årsverk i skulen frå hausten 2010 – redusert til 1 årsverk av HST.

Status: HST har redusert innsparinga til 1 årsverk.

Redusera tilbodet i kulturskulen.

Status: Rådmannen tilrådde å kutta kulturskulen sitt budsjett med 1,35 mill. kr. i forhold til 2009. HST la inn att 1 mill. kr. Vinteren 2010 vedtok heradsstyret ny serviceerklæring samt nye retningslinjer for drifta av kulturskulen. Kulturskulen skal klare å halde seg innan budsjettet med dei nye retningslinene med dagens elevtal. Det kan likevel bety at elevar må avvisast.

Avvikla Strandebarm legekantor.
Status: Ikkje vedteke. Sak til HST i juni 2010.

Pkt. 2.4.1 Utgreiing av pleie – og omsorg:
Rådmannen viser her til eiga sak til HST i juni.

Pkt. 2.4.2 Utgreiing av utgifter til spesialundervisning
Rådmannen viser her til orienteringa som formannskapet og tenesteutvalet fekk av PPT-leiar om stoda på feltet. Rådmannen sender i juni ut førespurnad om utgreiing til tre firma. Frist å levere endeleg rapport til heradet vert sett til 1. november 2010.

Pkt. 4 Arealeffektivisering:
Spørsmålet om arealeffektivisering er under utgreiing. Viktige premisser vert lagt når ny organisering for Teknisk drift er vedteke.

Pkt. 6 Eigedomsskatt:

- Vedteke innført frå 2010 i heile kommunen.
- Om lag 8.500 objekt takserte. 7.490 eigedomar har fått takst og om lag 6.900 eigedomar vil få tilsendt krav om eigedomsskatt.
- 7,0 promille er normal skattesats.
- Unntak: 2,5 promille på bustader og fritidshus.
- Samla eigedomsskatt vil utgjera om lag 29,5 mill. kr. som er 1,7 mill. kr. lågare enn opphavleg budsjettet.
- Ca 400 klager sendt til klagenemnda som startar arbeidet sitt i mai 2010.

Pkt. 7.3.3 Lite attraktive stillingar:

Heradet har framleis urovekkjande låg søking til fleire stillingar. Det gjelder både stillingar i fyrste line (så som lærarar og førskulelærarar og byggesakshandsamarar) og leiarstillingar (så som økonomisjef og skulesjef). Rådmannen vil likevel understreke at kvaliteten på søkjarane jamt over er god.

Rammeområda samla

Tabellen under viser hovudoversikt drift fordelt på vedteke KOSTRA – tema for Kvam herad:

Hovudoversikt drift 2010. Fordelt på Kostra-tema													
Tema (i 1000 kr)	Opphavleg budsjett 2010						1. kvartal 2010						Sum endring
	Brutto utgift	Inntekt	Netto finans	Motpost avskr.	Netto fond	Netto utgift	Brutto utgift	Inntekt	Netto finans	Motpost avskr.	Netto fond	Netto utgift	Netto utgift
Politisk verksemd	4 684	-371	0	0	0	4 313	4 754	-381	0	0	0	4 373	60
Adm. og fellesutgifter	26 801	-4 613	20	0	-230	21 978	28 460	-5 535	20	0	-1 687	21 258	(720)
Barnehagar	59 512	-39 440	0	0	0	20 072	64 608	-45 726	0	0	2 438	21 320	1 247
Grunnskule	142 405	-14 944	0	0	0	127 461	142 646	-18 626	0	0	4 004	128 024	564
Kommunehelse	30 189	-7 227	0	0	0	22 962	30 363	-7 638	0	0	0	22 725	(237)
Pleie- og omsorgstenesta	182 450	-27 746	0	0	0	154 703	183 856	-30 411	0	0	1 745	155 191	487
Sosialteneste og NAV	29 107	-6 940	10	0	0	22 177	29 906	-6 586	10	0	0	23 331	1 154
Barnevern	12 034	-469	0	0	0	11 565	12 110	-494	0	0	0	11 616	51
Bustader	14 656	-17 319	925	0	-850	-2 588	15 098	-16 919	925	0	-1 250	-2 146	442
Plan	14 699	-6 505	0	0	-500	7 694	15 020	-6 917	0	0	-485	7 619	(75)
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	14 262	-31 353	-1 000	0	3 281	-14 810	14 542	-29 232	-1 000	0	4 113	-11 577	3 233
Brann og ulykkesvern	7 761	-1 676	0	0	0	6 085	7 758	-1 676	0	0	0	6 082	(3)
Samferdsle og grøntanlegg	13 700	-2 232	0	0	0	11 468	13 699	-2 482	0	0	250	11 466	(2)
Vatn avløp og renovasjon/avfall	17 027	-20 352	0	0	802	-2 523	17 027	-20 352	0	0	802	-2 523	0
Kultur	16 607	-4 270	0	0	-530	11 808	17 249	-4 497	0	0	-455	12 297	489
Kyrkje	5 078	-13	0	0	0	5 065	5 078	-13	0	0	0	5 065	0
Skatt og rammetilskot	0	-396 609	0	0	0	-396 609	0	-394 239	0	0	0	-394 239	2 370
Finans	0	0	17 691	0	15	17 706	0	0	14 496	0	15	14 511	(3 195)
Motpost avskrivningar	0	0	0	-35 483	0	-35 483	0	0	0	-35 483	0	-35 483	0
Sum	590 971	-582 078	17 646	-35 483	1 988	-6 956	602 175	-591 722	14 451	-35 483	9 490	-1 090	5 866

1. kvartal 2010 viser nytt budsjett etter endringar i perioden januar – mars 2010. Opphavleg budsjett viser vedteke budsjett i HST - sak 125/09 inkludert justeringar vedteke i budsjettmøtet.

Tabellen viser at brutto utgifter aukar med 11,2 mill. kr. til 602,2 mill. kr. Inntektene aukar frå 582,1 mill. kr. til 591,7 mill. kr. som er ein auke på 9,6 mill.kr. Netto finansutgifter er redusert med 3,2 mill. kr. Netto avsett til fond aukar med 7,5 mill. kr. til 9,5 mill. kr.

Samla netto endring i perioden er 5,9 mill. kr. Dette betyr at driftsrekneskapen er tilsvarande svekka.

Blant hovudårsakene til endringane er:

- Auka tilskot til private barnehagar med 2,4 mill. kr.
- Auka utgifter til P19091 E-takst 2010 med 2,0 mill. kr.
- Auke i husleigeutgiftene med 0,6 mill. kr.
- Auka utgifter til kvalifiseringsprogrammet med 1,1 mill. kr.
- Redusert rammetilskot frå staten med 1,5 mill. kr.
- Mva – kompensasjon på investeringar aukar inntektene med 9,9 mill. kr. og tilsvarande beløp er avsett til disposisjonsfond (80 %) og til overføring til investeringsrekneskapen (20 %). I opphavleg budsjett vart all mva – kompensasjon frå investeringar ført i investeringsrekneskapen, noko som i ettertid viste seg å vera feil. Dette er korrigert for i denne rapporten.
- Reduksjon i renteutgiftene med 1,0 mill. kr.
- Auka utbyte frå BKK med 3,6 mill. kr.
- Redusert utbyte frå Kvam Kraftverk AS med 1,4 mill. kr.

På dei neste sidene vert endringane for det enkelte rammeområde kommentert.

1.1 Politisk verksemd

Politisk verksemd						
Funksjon og rammer	Rek 09 (netto)	Forbruk 1. kvartal 2010	1. kvartal 2010 - revidert budsjett	Opphav. Bud 2010	Forbruk t.o.m. 1. kv. 2010 i %	Endring ramme 1. kv. 2010
100 Politisk styring og kontrollorgan	3 538	703	3 788	3 728	18,6 %	60
110 Kontroll og revisjon	508	154	585	585	26,4 %	0
Politisk verksemd	4 224	857	4 373	4 313	19,6 %	60

Forklaring til endringar i budsjett 1. kvartal (netto auke med kr. 60.000,-):

- Økonomisk støtte til Haiti med kr. 100.000 i samsvar med vedtak i HST – sak nr. 014/10.
- Utgifter til IKT redusert med kr. 40.000,-.

Andre opplysningar:

- Normalforbruket for perioden januar – mars er 25-27,6 %, avhengig av kor mykje som er løn.
- For tenestene i dette rammeområdet ligg samla forbruk gått under normalen. Dette har samanheng med etterslep på utbetalingar til dei folkevalde.

1.2 Administrasjon, styring og fellesutgifter

Adm. og fellesutgifter						
Funksjon og rammer	Rek 09 (netto)	Forbruk 1. kvartal 2010	1. kvartal 2010 - revidert budsjett	Opphav. Bud 2010	Forbruk t.o.m. 1. kv. 2010 i %	Endring ramme 1. kv. 2010
120 Administrasjon	29 017	8 899	31 997	32 687	27,8 %	-690
121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	-2	27	689	689	4,0 %	0
130 Administrasjonslokale	1 440	961	1 656	1 700	58,0 %	-43
170 Premieavvik	-6 558	0	-14 730	-14 730	0,0 %	0
180 Diverse fellesutgifter	403	170	1 646	1 633	10,3 %	13
190 Interne serviceeiningar	0	395	0	0	#DIV/0!	0
Adm. og fellesutgifter	24 300	10 452	21 258	21 978	49,2 %	-720

Forklaring til endringar i budsjett 1. kvartal (netto reduksjon på 0,7 mill. kr.):

- *Funksjon 120 Administrasjon* er samla sett redusert med 0,7 mill. kr. som følgje av:
 - Auka inntekter med 0,4 mill. kr. som gjeld tilskot frå KS til kurs og auke i refusjon frå andre kommunar til kurs og leing av bufellesskap.
 - Auka netto utgifter med 1,7 mill. kr. der heile auken gjeld prosjekt P19091 E-takst 2010. Utgiftene fordeler seg på løn til tilsette, takstfolk, folkevalde og juridisk hjelp. Brutto auke på prosjektet er 2,0 mill. kr., dvs. at det er andre utgiftspostar som er reduserte, bl.a. lønsutgifter.
 - Heile auken av prosjekt P19091 E-takst 2010 er finansiert med bruk av disposisjonsfond og forklarar kvifor rammeområdet får reduksjon i nettoramma.
- *Funksjon 130 Administrasjonslokale* vart redusert med kr. 43.000 som gjeld husleige til PPT – kontoret som var budsjettert på feil teneste og er no over overført teneste 20210 PPT – grunnskule.
- *Funksjon 180 Diverse fellesutgifter* auka med kr. 13.000 og gjeld justering av husleige til rettslokale. Det er behov for nytt inventar i samband med at rettslokalet er flytta til nye lokale i Norheimsund Industrier AS. Det er oppretta eige prosjekt, P19101 Inventar rettslokale, med ei ramme på 0,375 mill. kr. inkl. mva, sjå under prosjekt.

Andre opplysningar:

- Samla forbruk pr. 1. kvartal er 49,2 % mot eit normalforbruk på 25-27,6 %. Dette kan dels forklarast med at fakturering av ein del refusjonar ikkje er gjennomførte, dels at premieavviket på pensjon ikkje er periodisert og dels med at ein del utgifter er forskotsbetalte, t.d. IKT – lisensar.
- Lønsutgiftene utgjer 22,6 % av budsjett så langt og er difor under normalforbruket.
- Ny liste over eigedomsskatt vart lagt ut 23. februar med klagefrist 23. mars. Det kom inn om lag 700 klager. Ein del av desse var klager på faktafeil. Etter at skattetakstnemnda hadde handsama klagane, vart om lag 400 sendt vidare til ankenemnda som starta handsaminga si i løpet av mai månad 2010.

1.3 Barnehagar

Barnehagar						
Funksjon og rammer	Rek 09 (netto)	Forbruk 1. kvartal 2010	1. kvartal 2010 - revidert budsjett	Opphav. Bud 2010	Forbruk t.o.m. 1. kv. 2010 i %	Endring ramme 1. kv. 2010
201 Førskule	6 412	-3 444	11 085	9 789	-31,1 %	1 296
211 Styrka tilbod til førskuleborn	3 173	1 479	4 367	4 557	33,9 %	-190
221 Førskulelokale og skyss	4 482	701	5 868	5 726	12,0 %	142
Barnehagar	14 068	-1 264	21 320	20 072	-5,9 %	1 247

Forklaring til endringar i budsjett for 1. kvartal (netto auke med 1,2 mill. kr.):

- *Funksjon 201 Førskule* – netto auke med 1,3 mill. kr. Dette kan forklarast slik:
 - Inntektene auka netto med 3,9 mill. kr. som følgje av auka statlege overføringar, øyremerka tilskot og reduksjon i refusjon av fødselspengar.
 - Driftsutgiftene auka netto med 5,1 mill. kr. som følgje av auka overføringar til Sandven FUS barnehage AS fordelt på auka statstilskot med 3,1 mill. kr. og auka kommunalt tilskot med 2,4 mill. kr. Auken i det kommunale tilskotet kjem av eit overslag basert på det berekna tilskotet som var gjeve i 2009 for drift i 5 månader og med færre born. Endeleg berekning vil koma i rapporten for 2. kvartal 2010.
- *Funksjon 221 Styrka tilbod til førskuleborn* - netto reduksjon med 0,2 mill. kr. som følgje av overføring av 0,4 årsverk til grunnskulen.
- *Funksjon 221 Førskulelokale og skyss* – netto auke med 0,14 mill. kr. Årsakene til dette er:
 - Korrigerings av husleigeinntekter og utgifter utgjer netto kr. 42.000 i reduserte utgifter. Dette inkluderer leige av heile bedehuset i Tørvikbygd i påvente av ny barnehage.
 - Avsett 0,1 mill. kr. til konsulentmidlar i samband med utgreiing av barnehagedrifta i Strandebarm og Oma, jfr. HST – vedtak i sak 021/10.
 - Budsjettert nettoutgift for denne funksjonen synest noko høg i høve til kva som faktisk er brukt dei siste åra.

Andre opplysningar:

- F.o.m. august 2010 vil minimumskravet for det offentlege tilskotet til den ikkje-kommunale barnehagar auka frå 85 til 88 %. Dette er første steg i opptrappingsplanen frå Regjeringa mot likeverdig handsaming mellom kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.
- I samband med forslag til rammefinansiering for 2011 vil det koma ny forskrift om likeverdig handsaming av barnehagar i høve til offentleg tilskot. Departementet vil koma nærmare tilbake til høyringa av den nye forskrifta.
- Normalforbruket for perioden januar – mars er 25-27,6 %, avhengig av kor mykje som er løn. Lønsutgiftene utgjer 26,
- Pga at mykje av inntektene kjem tidleg på året, må forbruket vurderast ut frå driftsutgiftene. Dei viser samla sett eit forbruk på 23,1 % medan inntektene viser at 37,2 % av inntektene er mottekne.

1.4 Grunnskuleopplæring

Grunnskule						
Funksjon og rammer	Rek 09 (netto)	Forbruk 1. kvartal 2010	1. kvartal 2010 - revidert budsjett	Opphav. Bud 2010	Forbruk t.o.m. 1. kv. 2010 i %	Endring ramme 1. kv. 2010
202 Grunnskule	84 478	24 623	94 479	94 011	26,1 %	467
213 Vaksenopplæring	2 977	434	3 624	3 577	12,0 %	47
214 Spesialsular	3	0	3	3	0,0 %	0
215 Skulefritidstilbod	1 465	387	2 062	2 061	18,8 %	1
222 Skulelokaler	16 057	3 615	20 329	20 281	17,8 %	48
223 Skuleskyss	2 364	768	2 359	2 359	32,6 %	0
383 Musikk- og kultursular	4 755	1 753	5 169	5 169	33,9 %	0
Grunnskule	112 099	31 581	128 024	127 461	24,7 %	564

